

Eksamen

14.11.2022

NOR1212 Norsk sidemål
NOR1232 Norsk sidemål



Sjå eksamenstips på baksida!
Se eksamenstips på baksiden!

Nynorsk

Eksamensinformasjon	
Tid	Eksamen varer i 5 timar.
Hjelpemiddel	Alle hjelpemiddel er tillatne, bortsett frå opent Internett og andre verktøy som kan brukast til kommunikasjon. For norsk, samisk, finsk som andrespråk og framandspråka er heller ikkje omsetjingsprogram tillatne. Når du bruker nettbaserte hjelpemiddel under eksamen, har du ikkje lov til å kommunisere med andre. Samskriving, chat og andre måtar å utveksle informasjon med andre på er ikkje tillatne.
Bruk av kjelder	Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal dei alltid førast opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei. Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrifter eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.
Vedlegg	<p>Egilssoga. «Kveldulv og ætta hans». <i>Egilssoga</i>. Til norsk ved Leiv Heggstad. Oslo: Det Norske Samlaget, 1965. Utdrag, språkleg tilrettelagd og modernisert.</p> <p>Faldbakken, Mathias. <i>Vi er fem</i>. 2020. Oslo: Oktober forlag, 2019. Utdrag.</p> <p>Ibsen, Henrik. <i>Et dukkehjem</i>. Første gong gitt ut 1879. <i>Samlede verker 2</i>. Oslo: Den norske Bokklubben, 1991. Utdrag, språkleg tilrettelagd.</p> <p>Jacobsen, Rolf. «Broenes skjønnhet». <i>Nattåpent</i>. Oslo: Gyldendal, 1985.</p> <p>Kielland, Alexander. «Skolesorger». <i>Gift</i>. Første gong gitt ut 1883. Oslo: Gyldendal, 1999. Gift (nb.no) Språkleg tilrettelagd.</p> <p>Klaveness, Lise. Tale på FIFA-kongressen 20. februar 2022. Calls out for change at the FIFA Congress – Norges Fotballforbund Nedlastingsdato 02.05.2022. Til nynorsk ved Utdanningsdirektoratet.</p> <p>Opseth, Silje. «Gratulerer med kvinnedagen», innlegg på Instagram 08.03.2022.</p> <p>Shakar, Zeshan. <i>Tante Ulrikkes vei</i>. Oslo: Gyldendal, 2017. Utdrag.</p> <p>Vesaas, Tarjei. «Draum om nedsnødde bruer». <i>Isslottet</i>. Oslo: Gyldendal, 1963.</p>
Informasjon om oppgåva	Du skal svare på oppgåva i del A. I del B er det fire oppgåver, og du skal svare på éi av dei. Bruk linjeavstand 1,5 og skriftstorleik 12.
Informasjon om vurderinga	Sjå eksamensrettleiinga med kjenneteikn på måloppnåing til sentralt gitt skriftleg eksamen. Eksamensrettleiinga finn du på nettsidene til Utdanningsdirektoratet.

Nynorsk

Du skal svare på oppgåva i del A og på éi av oppgåvene i del B. Legg merke til at det står ein kommentar under kvar oppgåveinstruks. Kommentaren er til hjelp for å løyse oppgåva.

Del A Kortsvarsoppgåve

Svaret bør ikkje vere på meir enn cirka 250 ord.

Vedlegg:

- «Kveldulv og ætta hans», eit utdrag frå islendingesoga *Egilssoga*, 1200-talet
- *Vi er fem* av Mathias Faldbakken, 2020, utdrag

Egilssoga er ei norrøn ættesoge som blei skriven ned på 1200-talet. Romanen *Vi er fem* er skriven i vår eiga samtid.

Samanlikn nokre sider ved form og innhald i dei vedlagde tekstane.

Kommentar: I svaret ditt skal du bruke relevant fagspråk og vise til døme i teksten. Du skal skrive om både form og innhald, men du kan velje kva du vil leggje mest vekt på.

Del B Langsvarsoppgåver

Skriv nummeret på den oppgåva du vel, og lag overskrift sjølv.

Oppgåve 1

Vedlegg:

- «Skolesorger», frå romanen *Gift* av Alexander Kielland, 1883, utdrag
- *Tante Ulrikkes vei* av Zeshan Shakar, 2017, utdrag

Samanlikn dei vedlagde tekstutdraga, og plasser dei i ein realistisk tradisjon.

Kommentar: Du skal skrive om både form og innhald og vise kunnskap om den realistiske tradisjonen.

Oppgave 2

Vedlegg:

- «Draum om nedsnødde bruer» av Tarjei Vesaas, frå *Isslottet*, 1963
- «Broenes skjønnhet» av Rolf Jacobsen, frå *Nattåpent*, 1985

Tolk og samanlikn dei vedlagde dikta.

Kommentar: Du skal skrive om både form og innhald, bruke relevant fagspråk og konkrete eksempel frå dikta.

Oppgave 3

Vedlegg:

- *Et dukkehjem* av Henrik Ibsen, 1879, utdrag
- «Gratulerer med kvinnedagen», innlegg på Instagram av Silje Opseth, 08.03.2022

Skriv ein resonnerande tekst der du gjer greie for korleis kjønnsroller blir framstilte i vedlegga, og reflekterer over om slike tekstar kan vere med på å påverke haldningar i samfunnet.

Kommentar: Du skal skrive om form og innhald i vedlegga og vise evne til refleksjon.

Oppgave 4

Vedlegg:

- Lise Klaveness sin tale på FIFA-kongressen, 20.02.2022

Gjer kort greie for kva du meiner er formålet med teksten, og analyser han. Bruk omgrep frå retorikken.

Kommentar: Du skal formulere formålet på ein kortfatta og klar måte. Når du analyserer, skal du forklare gjennom å bruke relevant fagspråk og vise til konkrete eksempel.

Bokmål

Eksamensinformasjon	
Tid	Eksamen varer i 5 timer.
Hjelpemidler	Alle hjelpemidler er tillatt, bortsett fra åpent Internett og andre verktøy som kan brukes til kommunikasjon. For norsk, samisk, finsk som andrespråk og fremmedspråkene er heller ikke oversettelsesprogrammer tillatt. Når du bruker nettbaserte hjelpemidler under eksamen, har du ikke lov til å kommunisere med andre. Samskriving, chat og andre måter å utveksle informasjon med andre på er ikke tillatt.
Bruk av kilder	Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal de alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem. Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrifter eller sitater fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.
Vedlegg	<p>Egilssoga. «Kveldulv og ætta hans». <i>Egilssoga</i>. Til norsk ved Leiv Heggstad. Oslo: Det Norske Samlaget, 1965. Utdrag, språklig tilrettelagt og modernisert.</p> <p>Faldbakken, Mathias. <i>Vi er fem</i>. 2020. Oslo: Oktober forlag, 2019. Utdrag.</p> <p>Ibsen, Henrik. <i>Et dukkehjem</i>. Første gang utgitt 1879. <i>Samlede verker 2</i>. Oslo: Den norske Bokklubben, 1991. Utdrag, språklig tilrettelagt.</p> <p>Jacobsen, Rolf. «Broenes skjønnhet». <i>Nattåpent</i>. Oslo: Gyldendal, 1985.</p> <p>Kielland, Alexander. «Skolesorger». <i>Gift</i>. Første gang utgitt 1883. Oslo: Gyldendal, 1999. Gift (nb.no) Språklig tilrettelagt.</p> <p>Klaveness, Lise. Tale på FIFA-kongressen 20. februar 2022. Calls out for change at the FIFA Congress – Norges Fotballforbund Nedlastingsdato 02.05.2022. Til nynorsk ved Utdanningsdirektoratet.</p> <p>Opseth, Silje. «Gratulerer med kvinnedagen», innlegg på Instagram 08.03.2022.</p> <p>Shakar, Zeshan. <i>Tante Ulrikkes vei</i>. Oslo: Gyldendal, 2017. Utdrag.</p> <p>Vesaas, Tarjei. «Draum om nedsnødde bruer». <i>Isslottet</i>. Oslo: Gyldendal, 1963.</p>
Informasjon om oppgaven	Du skal svare på oppgaven i del A. I del B er det fire oppgaver, og du skal svare på én av dem. Bruk linjeavstand 1,5 og skriftstørrelse 12.
Informasjon om vurderingen	Se eksamensveiledningen med kjennetegn på måloppnåelse til sentralt gitt skriftlig eksamen. Eksamensveiledningen finner du på Utdanningsdirektoratets nettsider.

Bokmål

Du skal svare på oppgaven i del A og på én av oppgavene i del B. Legg merke til at det står en kommentar under hver oppgaveinstruks. Kommentaren er til hjelp for å løse oppgaven.

Del A Kortsvarsoppgave

Svaret bør ikke være på mer enn cirka 250 ord.

Vedlegg:

- «Kveldulv og ætta hans», et utdrag fra islendingesagaen *Egilssoga*, 1200-tallet
- *Vi er fem* av Mathias Faldbakken, 2020, utdrag

Egilssoga er en norrøn ættesaga som ble skrevet ned på 1200-tallet. Romanen *Vi er fem* er skrevet i vår egen samtid.

Sammenlign noen sider ved form og innhold i de vedlagte tekstene.

Kommentar: I svaret ditt skal du bruke relevant fagspråk og vise til eksempler i teksten. Du skal skrive om både form og innhold, men du kan velge hva du vil legge mest vekt på.

Del B Langsvarsoppgaver

Skriv nummeret på den oppgaven du velger, og lag overskrift selv.

Oppgave 1

Vedlegg:

- «Skolesorger» fra romanen *Gift* av Alexander Kielland, 1883, utdrag
- *Tante Ulrikkes vei* av Zeshan Shakar, 2017, utdrag

Sammenlign de vedlagte tekstutdragene, og plasser dem i en realistisk tradisjon.

Kommentar: Du skal skrive om både form og innhold og vise kunnskap om den realistiske tradisjonen.

Oppgave 2

Vedlegg:

- «Draum om nedsnødde bruer» av Tarjei Vesaas, fra *Isslottet*, 1963
- «Broenes skjønnhet» av Rolf Jacobsen, fra *Nattåpent*, 1985

Tolk og sammenlign de vedlagte diktene.

Kommentar: Du skal skrive om både form og innhold, bruke relevant fagspråk og konkrete eksempler fra diktene.

Oppgave 3

Vedlegg:

- *Et dukkehjem* av Henrik Ibsen, 1879, utdrag
- «Gratulerer med kvinnedagen», innlegg på Instagram av Silje Opseth, 08.03.2022

Skriv en resonnerende tekst der du gjør greie for hvordan kjønnsroller blir framstilt i vedleggene, og reflekterer over om slike tekster kan være med på å påvirke holdninger i samfunnet.

Kommentar: Du skal skrive om form og innhold i vedleggene og vise evne til refleksjon.

Oppgave 4

Vedlegg:

- Lise Klaveness sin tale på FIFA-kongressen, 20.02.2022

Gjør kort greie for hva du mener er formålet med teksten, og analyser den. Bruk begrep fra retorikken.

Kommentar: Du skal formulere formålet på en kortfatta og klar måte. Når du analyserer, skal du forklare gjennom å bruke relevant fagspråk og vise til konkrete eksempler.

Kveldulv og ætta hans

Det var ein mann som heitte Ulv. Han var son til Bjalve og Hallbera. Hallbera var dotter til Ulv den uredde og søster til Hallbjørn Halvtroll i Ravnista, som var far til Kjetil Høng.

Ulv var ein mann så stor og sterk at det fanst ikkje hans like. I ungdommen låg han i viking og herja. Han var i lag med ein som er kalla Berdle-Kåre. Det var ein framifrå mann som var både sterk og modig; han var ein berserk. Ulv og han hadde felles pengepung i hop, og det var den kjæraste venskap med dei.

Da dei slutta med hærferdene, før Kåre til garden sin i Berdla. Han var ein veldig rik mann. Kåre hadde tre born. Ein som heitte Øyvind Lambe, og ein Olve Nuva. Dotter hans heitte Salbjørg. Det var ei av dei venaste jenter ein kunne sjå, og framifrå dugande. Ho vart gift med Ulv, og han før da òg heim til gardane sine. Ulv var rik på jord og gods. Han fekk lendmannsrett, såleis som forfedrane hans hadde hatt, og vart ein mektig mann.

Det er sagt at Ulv var ein drivande bonde. Han brukte å stå opp tidleg, og gjekk og såg til arbeidsfolka, eller gjekk til dei stader der dei hadde eit eller anna handverk føre, og han såg over buskap og marker, og stundom gav han seg i tale med folk som trong råd av han. Han kunne gje gode råd i alt, fordi han var særskild klok. Men kvar dag når det leid mot kvelden, vart han folkesky, så det var få som kunne få han i tale. Han vart tidleg søvni om kvelden, og folk sa at han då kunne skifte ham. Han vart kalla Kveldulv.

berserk: krigar/kriger som kunne kjempe med stor villskap
pengepung i hop: felles økonomi
lendmann: kongeleg tenar / kongelig tjener
skifte ham: forvandle seg til eit/et dyr

Vi er fem

La det stå et hus på Råset, ei bygd snaue tre timer nord for hovedstaden. Der bodde Tormod Blystad med familien. Huset snekret han selv mens Siv gikk gravid og kvalm med første unge. Ungen ble kalt Alf. Alf fikk det ikke i hendene som far sin, men Tormod var uansett glad i gutten, nevenyttig eller ikke. Jenta, Helene, lys og fin, ble født fem år senere. Skarp som en syl var hun, og fingernem, ikke minst.

I tillegg til å være en pålitelig kar som brydde seg om familien, var Tormod Blystad uvanlig staut, ja, bent frem kjekk. Dette så han ikke selv, og Siv hadde blitt blind for utseendet hans etter så mange år, men kjekk var Tormod. Stor, slank, flott – velbygd – og han ble bare bedre med årene, som et stykke eik. Folk på bygda skulte og mumlet når familien var på butikken. «Hun Siv traff blink», sa de, det hadde de alltid sagt. «Siv scoret.»

Utvalget var ikke stort på en plass som Råset. Man kunne ikke snakke om at det fantes én liga for Siv og én liga for Tormod. Det var et par dusin ungdommer på hvert klassetrinn, og disse måtte sortere seg innbyrdes. Tormod og Siv fant hverandre på ungdomsskolen, og slik ble det. Tormod reiste aldri, monden kunne han ikke beskyldes for å være, utseendet hans ble aldri kringkastet utenfor bygda.

Monden: verdsborgar/ verdensborger

På videregående hadde de en dramatisk periode, da var Siv og Tormod nær ved å miste taket. Tormod kjøddet det til og ramlet utfor, men Siv var stor, festet grepet på ny og hjalp ham. Dette glemmer Tormod aldri. Man kan si at grunnen Tormod bygde huset til familien på, var hans takknemlighet for Sivs innsats den gangen, og denne historien begynner også der.

Skolesorger

Romanen Gift rettar/retter skarp kritikk mot skolesystemet og den klassiske danninga/dannelsen i latinskolen. I utdraget møter vi Abraham og Marius. Abraham klarer seg godt på skolen, men vennen Marius har det tungt.

Ved halvårseksamen kom Abraham et par nummer opp, men all Marius' latin kunne ikke forhindre at den lille professor dumpet [...] og ble fuks på partiet.

Det ble enn også sagt av læreren i matematikk at hvis han ikke neste halvår gjorde ganske overordentlige framskritt, så skulle han sitte igjen og ikke komme opp i fjerde latinklasse.

Abraham var langt fra flittig, men det hjalp at han hadde satt seg i hodet å trekke Marius med, og da han lærte lett, var det nok for ham at han gjennomgikk leksene én gang. Marius derimot måtte lese leksene like fra han slapp ut av skolen og til han gikk til Abraham, mang en gang etterpå også.

Deres klassiske utdanning var nå nådd så vidt at de hadde latin i ni og gresk i fem timer i uken. De hadde forlatt Fædrus og Cæsar for å forfriske sin ånd med Ciceros tale om alderdommen. Og etter at deres unge tunger var bøyd til andre klasse av verbene på *mi* etter Curtius, vandret de med Xenofon fem små parasanger om uken inn i det guddommelige Hellas.

Den bredte seg – skreppeskogen i de unge hoder. Litt etter litt ble den utslettet, forskjellen mellom det som var morsomt å lære, og det som var en plage. Alt sammen ble nærmest jevnt likegyldig for dem, kun rangert etter den vekt skolen la på faget.

Alt som hist og her kunne finnes i undervisningen som refererte seg direkte til livet og verden således som den er, det sank betydelig. Og opp på høysetet kom lange prosesjoner av døde ord om døde ting, regler og ramser som ble plagget inn i de møre hjerner for til evig tid å oppta plassen, fremmed lyd fra et fremmed liv, eldgammelt støv som samvittighetsfullt ble drysset overalt hvor den saftrike ungdom viste en fuktig flekk som kunne holde på støvet.

Det er en hard tid – Abraham og Marius' alder – fra fjorten til femten år. Øynene åpne, en spørrelyst umettelig som en gutteappetitt, kløende verre enn meslinger, en våknende evne og vilje til å forstå alt; en flammende trang til å erobre verden, og det som er bak verden og bak der igjen, – og så støv! eldgammelt, ekstra fint støv drysset i hver fuktig pore, drysset over hvert spirende spørsmål, drysset over hver eneste spire som ikke er en skreppespire.

Men det går over; allerede ved seksten, sytten år har støvet tørket godt inn, nysgjerrigheten er død, den unge har lært at det gjelder å bli spurt – ikke å spørre; og han begynner dessuten å forstå dette med skreppeskogen; han aner dunkelt at den er til for hans skyld, at han har den lykke å være en av samfunnets privilegerte snegler.

Av Alexander Kielland, 1883

Fædrus, Cæsar, Cicero, Curtius, Xenofon: kjente romarar frå / romere fra antikken, som var pensum i latinskolen/latinskolen
Skreppeskog: tett, fuktig skog der det er gode forhold for sniglar/snegler (skrepper: planter med store blad)

Tante Ulrikkes vei

Jamal er ein ung gut som veks opp i Tante Ulrikkes vei i drabantbyen Stovner i Oslo. Han sender små lydfiler om livet sitt til ein forskar som vil kartlegge kvardagen til unge i Groruddalen. / Jamal er en ung gutt som vokser opp i Tante Ulrikkes vei i drabantbyen Stovner i Oslo. Han sender små lydfiler om livet sitt til en forsker som vil kartlegge hverdagen til unge i Groruddalen.

Respondent: Jamal

Bydel: Stovner

Innspillingsdato: 15. august 2001

[...] For meg, skole er svette greier ass. Jeg sverger, hodet min blir varmt der. Jeg sitter der liksom, og jeg følger med og sånn, hvert fall noen ganger jeg gjør det, og jeg skjønner ikke alt læreren sier, men mange ganger jeg skjønner litt, ikke matte da, men utenom det, jeg skjønner hva dem sier når dem sier det, liksom jeg tror det, men når vi skal gjøre oppgavene eller lese og sånn, det blir liksom varmt i hodet og kroppen blir så sliten. Jeg veit ikke, det er liksom sånn, jeg kan lese, skjønner du? Men når læreren spør meg hva som står på en sted vi har lest, jeg har glemt det selv om jeg leste den to minutter sia, eller når det kommer oppgave, jeg bare klarer ikke tenke liksom, og da jeg får bare lyst til å sove eller noe, og så starter jeg å tenke på andre ting, du veit, ting hjemme eller ting ute, alt mulig.

Sånn har skolen vært hele tida, jeg koddet ikke. Jeg gjør andre ting på timen, sover og sånn, tegner Wu-Tang sin «W» på pulten og sånn, og læreren kjefter. Dem gidder ikke å hjelpe. Bare kjefter. «Ja-mal, jobb nå.», «Ja-mal, skjerpings», «Ja-mal, nå må du følge bedre med».

«Ja-mal» liksom, det uttales «Djamal», skjønner du? «Dja» og «mal», det er ikke vanskelig, men dem potetlærerne prøvde ikke å lære det, selv om jeg sa det til dem tjue fuckings ganger. Og dem sier til meg jeg må lære?

Dem putta meg på norsk 2. «Du har problemer med språk. Det ødelegger læringen din.» Sånn starta dem å si. Liksom, jeg tenkte, hva prater dere om a? Jeg kan norsk da, jeg skjønner liksom nesten all norsk dem sier til meg. Jeg bare loker litt med orda.

Det er ikke det som er problemen.

Norsk 2 liksom. Det vare bare svartinger der og fucka opplegg. En gang, jeg sverger, vi brukte sånn tre måneder på å snakke om hva gjorde du på sommerferien.

Helt skada greier.

Men jeg gadd ikke si noe ass. Helt ærlig, jeg var sånn ass, det her er bedre enn norsk 1. Norsk 1 er vanskelig. Norsk 2, jeg kan slappe av. Fett liksom.

Av Zeshan Shakar, 2017. Utdrag

Norsk 2: Norskopplæring som er retta mot/beregnet på innvandrere/innvandrere med kort botid/botid i landet

Draum om nedsnødde bruer

Med vi står fell snøen tettare.

Kåpearmen din blir kvit.

Kåpearmen min blir kvit.

Dei går mellom oss som

nedsnødde bruer.

Men nedsnødde bruer er frosne.

Inni her er det levande varmt.

Varm under snøen er armen din ei

sæl vekt på min.

Det snør og snør

på stille bruer.

Bruer ingen veit om.

Av Tarjei Vesaas. *Isslottet*, 1963

Broenes skjønnhet

Stål eller sten. Der står de
brospenneenes strenge buer
meislet inn i landskapet
som porter til fred.

Verrazano Narrow Bridge, Bosporus,
Rheinbrücke, Sotra-
og Sortlandsspennene, Golden Gate
lysende som smykker, blomsterkranser,
kniplinger kastet gjennom luften:
Min hånd i din. Kom over og se.

— — —

Regnbuen sier: Se på meg. Jeg er en bro.
Jeg er et tegn på himmelen. Bygg broer.
Bøy dere. Løft armene til en bue.
Bind sammen. Bryt lenker. Bygg.

Se stålsøyler og tårn mot skyene: En bro.
Hør vindfløyten mellom wirene: En bro.
To mennesker møtes. Ansiktene blusser: En bro.
Ord som blir sagt. Hengivelse, fred: En bro.

Av Rolf Jacobsen. *Nattåpent*, 1985

Et dukkehjem

Et dukkehjem handler om kjønnsrollene i det borgarlege ekteskapet på 1800-talet. I denne scena frå siste akt tek Nora eit oppgjør med ektemannen sin, Torvald Helmer, før ho forlèt både han og barna deira i slutten av stykket. / Et dukkehjem handler om kjønnsrollene i det borgerlige ekteskapet på 1800-tallet. I denne scenen fra siste akt tar Nora et oppgjør med ektemannen sin, Torvald Helmer, før hun forlater både han og barna deres i slutten av stykket.

HELMER. Men, kjæreste Nora, ville da det ha vært for deg?

NORA. Der er vi ved saken. Du har aldri forstått meg. – Der er øvet megen urett imot meg, Torvald. Først av pappa og siden av deg.

HELMER. Hva! Av oss to, – av oss to der har elsket deg høyere enn alle andre mennesker?

NORA. (ryster på hodet) Dere har aldri elsket meg. Dere har bare syntes det var fornøydelig å være forelsket i meg.

HELMER. Men Nora, hva er dette for ord?

NORA. Ja, det er nu så, Torvald. Da jeg var hjemme hos pappa, så fortalte han meg alle sine meninger, og så hadde jeg de samme meninger; og hvis jeg hadde andre, så skjulte jeg det; for det ville han ikke ha likt. Han kalte meg sitt dukkebarn, og han lekte med meg som jeg lekte med mine dukker. Så kom jeg i huset til deg –

HELMER. Hva er det for uttrykk du bruker om vårt ekteskap?

NORA. (uforstyrret) Jeg mener, så gikk jeg fra pappas hender over i dine. Du innrettet all ting etter din smak, og så fikk jeg den samme smak som du; eller jeg lot bare så; jeg vet ikke riktig – jeg tror det var begge deler; snart det ene og snart det annet. Når jeg nu ser på det, så synes jeg jeg har levet her som et fattig menneske – bare fra hånden til munnen. Jeg har levet av å gjøre kunster for deg, Torvald. Men du ville jo ha det så. Du og pappa har gjort stor synd imot meg. Dere er skyld i at der ikke er blitt noe av meg.

HELMER. Nora, hvor du er urimelig og utakknemlig! Har du ikke vært lykkelig her?

NORA. Nei, det har jeg aldri vært. Jeg trodde det; men jeg har aldri vært det.

HELMER. Ikke – ikke lykkelig!

NORA. Nei, bare lystig. Og du har alltid vært så snill imot meg. Men vårt hjem har ikke vært annet enn en lekestue. Her har jeg vært din dukkehustru, liksom jeg hjemme var pappas dukkebarn. Og barnene, de har igjen vært mine dukker. Jeg syntes det var fornøydelig når du tok og lekte med meg, liksom de syntes det var fornøydelig når jeg tok og lekte med dem. Det har vært vårt ekteskap, Torvald.

Av Henrik Ibsen, 1879. Språkleg/språklig modernisert.

Gratulerer med kvinnedagen

Silje Opseth er skihopper på det norske hopplandslaget. Ho vann sitt første hopprenn i verdenscupen den 5. mars 2022 i Holmenkollen. Nokre dagar seinare, den 8. mars, la ho ut denne meldinga på Instagram. / Silje Opseth er skihopper på det norske hopplandslaget. Hun vant sitt første hopprenn i verdenscupen den 5. mars 2022 i Holmenkollen. Noen dager senere, den 8. mars, la hun ut denne meldingen på Instagram.



Gratulerer med kvinnedagen til alle sterke, modige og dyktige kvinner der ute!

Vi har kommet langt, men vi har en enda lenger vei å gå.

Jeg driver med en liten idrett, og i det store og hele er forskjellene i min idrett ubetydelige, for det finnes langt viktigere saker å ta tak i om vi skal snakke om verdensproblemer. LIKEFREMT er det viktig for MEG:

Jeg er lei av å ikke få de samme mulighetene som mennene i min idrett.

Jeg blir trøtt av å høre alle argumentene for at vi ikke skal få leke oss i de største bakkene.

Jeg blir trist da vi ikke får erstatninger for rennene våre.

Jeg blir opprørt da vi får beskjed om at vi ikke er gode nok.

Jeg blir lei meg av å høre at vi ikke er verdt mer.

Jeg blir sjokkert da jeg sammenlikner kalenderen vår med gutta sin.

Og, jeg føler meg nedverdiget da vi gang på gang blir nedprioritert.

Dette er ikke ment som en klagesang. Det eneste jeg prøver å poengtere er at det er forskjeller, meningsløse forskjeller, og disse gjør at kvinner føler seg annerledes enn menn. Vi snakker ikke bare tørre fakta, men følelser.

Selv om idretten min er liten fortjener vi like muligheter. Jeg er stolt av å være en del av det som er ETT hopplandslag. Og jeg lever i troen på at den kampen vi kjemper på vår arena kan påvirke verden der ute.

Vi gir oss ikke!



Lise Klaveness sin tale på FIFA-kongressen

Lise Klaveness er president i Norges fotballforbund, og FIFA er ei samanslutning av fotballforbund frå heile verda med ansvar for m.a. verdsmeisterskap. I 2022 skal fotball-VM arrangerast i Qatar, eit land som har fått mykje kritikk for brot på menneskerettane./ Lise Klaveness er president i Norges fotballforbund, og FIFA er en sammenslutning av fotballforbund fra hele verden med ansvar for bl.a. verdensmesterskap. I 2022 skal fotball-VM arrangeres i Qatar, et land som har fått mye kritikk for brudd på menneskerettighetene.

Kjære president, kjære kongress, mine damer og herrar

Då eg var ei ung jente, tok eg fotballen min med meg overalt, også til sengs kvar kveld. Ballen lukta så vondt at til og med katten min hoppa ned frå puta. Ein oransje-farga fotball til å bruke på snødekte grusbaner. Ein 13-åring som drøyer om å meistre ballen, som slepp unna frykta for å ikkje passe inn.

Etter kvart fekk eg representere landet mitt ved å gjere det eg elska høgast, også på den største scena for alle draumar, FIFA sin verdsmeisterskap i fotball.

Seinare, som advokat og dommar, var fotball ofte det einaste temaet eg kunne snakke med ein klient eller ein sikta om, når dei stod overfor alvorlege tiltalar. I desperate stunder kan fotball vere det einaste fellesspråket.

Spelet vårt kan inspirere til draumar og bryte ned stengsel. Men som leiarar må vi gjere dei rette vala og ha dei høgaste standardane.

I fjor vurderte Noreg å boikotte fotball-VM i 2022. I staden meinte medlemmene våre at FIFA sin «Congress for dialogue and pressure» var den beste kanalen for å få gjennomført nødvendige endringar.

Medlemmene våre krev endring, dei stiller spørsmål kring etikken i idretten og insisterer på openheit. Dei organiserer seg for å bli høyrde. Vi må lytte! Vi kan ikkje overhøyre krava om endring. Korleis FIFA styrer spelet, har så mykje å seie for korleis fotballen blir oppfatta i alle land og alle forbund.

FIFA må vere ein rollemodell!

Eg står her no som den første kvinnelege fotballpresidenten i Noreg, audmjuk for å få snakke til dykk. Eg tek ikkje lenger med meg ballen overalt, men draumane mine handlar framleis om fotball. Ein fotball der gutar og jenter, alle fargar, streite og skeive, alle, blir behandla med same respekt og anerkjenning.

I 2010 tildelte FIFA verdsmeisterskapen med uakseptable kriterium, med uakseptable konsekvensar. Menneskerettar, likskap og demokrati, hovudinteressene i fotball, var ikkje i start-11-aren før mange år seinare. Desse grunnleggjande rettane blei etter kvart bytte inn som innbytarar, hovudsakleg på grunn av stemmer utanfrå. FIFA har seinare teke tak i desse problema, men det er framleis langt igjen å gå.

Arbeidsinnvandrane som blei skadde og familiare til dei som døydde i oppkøringa til VM, bør takast godt vare på. FIFA, vi alle saman, må no setje i verk nødvendige tiltak for å innføre varige endringar.

FIFA har anerkjent sitt ansvar i samband med FN sine «Guiding Principles for Human Rights» og krev no at dei som skal arrangere VM i fotball i framtida, ikkje bryt menneskerettane. Det er avgjerande at leiinga i FIFA heilhjarta held fram på denne måten, og verkeleg flyttar seg frå politikk til handling.

Det er ikkje rom for arbeidsgivarar som ikkje sikrar VM-arbeidarane sin fridom og tryggleik.

Ikkje rom for leiarar som ikkje kan vere vertskap for kvinner som spelar fotball.

Ikkje rom for vertar som ikkje har lover som garanterer tryggleik og respekt for LHBTQ+-personar når dei kjem til fotballen sitt «theatre of dreams».

Eg lovar at det norske fotballforbundet, og eg personleg, vil støtte eitkvart initiativ som tek vare på hovudinteressa til fotball, menneskerettar og fremjar mangfald og anti-diskriminering. Vennene våre i dei andre nordiske fotballforbunda støttar også dette kravet.

Vi har ein brutal krig i Europa no. Som i krigar på alle kontinent blir uskyldige menneske drepne i meningslause kampar om makt. Ein tidlegare verds cupvert har invadert landet til ein av medlemmene våre. I første omgang nølte FIFA. Internasjonalt press tvinga fram reell handling. I staden for å følgje andre, må FIFA sjølv ta leiinga.

Eg fryktar at stadiona våre vil stå tomme i framtida dersom vi overser kor mykje det hastar akkurat no.

Tida for å handle er no. FIFA, vi alle, må gjere det vi har i oppgåve å gjere – å leie. Å la berekraftige fotballverdiar styre alle avgjerder. Innføre openheit på alvor. Nulltoleranse for korrupsjon. Få fotball for kvinner til å vekse raskare.

FIFA må gå føre og leie.

Kjære president, kjære kongress – eg er ny her, jenta med den oransje ballen har komme langt heimanfrå. Eg får ofte spørsmål om korleis det er å jobbe i ei mannsdominert verd. Eg svarar alltid: Det gjer eg ikkje. Eg jobbar ikkje i ei mannsdominert verd. For fotballen er til for alle jenter og gutar i verda.

Så eg har den same haldninga som dykk; fotball er på alle måtar det vakre og globale spelet. La oss stå saman og leve opp til løftet og draumane vi gir til alle som tek det første sparket på ballen.

Takk!

Tale på FIFA-kongressen 20. februar 2022. [Calls out for change at the FIFA Congress – Norges Fotballforbund](#), omsett til nynorsk av Utdanningsdirektoratet. Foto: [No 'Beautiful Game' Without Rights in Qatar | Human Rights Watch \(hrw.org\)](#) (21.09.2022)

TIPS TIL DEG SOM AKKURAT HAR FÅTT EKSAMENSOPPGÅVA:

- Start med å lese oppgaveinstruksen godt.
- Hugs å føre opp kjeldene i svaret ditt dersom du bruker kjelder.
- Les gjennom det du har skrive, før du leverer.
- Bruk tida. Det er lurt å drikke og ete undervegs.

Lykke til!

TIPS TIL DEG SOM AKKURAT HAR FÅTT EKSAMENSOPPGAVEN:

- Start med å lese oppgaveinstruksen godt.
- Husk å føre opp kildene i svaret ditt hvis du bruker kilder.
- Les gjennom det du har skrevet, før du leverer.
- Bruk tiden. Det er lurt å drikke og spise underveis.

Lykke til!